

Medmenneske

Nyrealismen og den historiske romanen

☞ Rundt 1910 voks det fram ein ny generasjon romanforfattarar her i landet. *Nyrealistane* henta inspirasjon frå både realismen og nyromantikken, men hovudformålet deira var å vise at mennesket har ansvar for eige liv.

☞ Nyrealistane skreiv gjerne om enkeltmennesket i moralsk eller etisk konflikt med omverda. Derfor blir denne litterære retninga også kalla *etisk realisme*. Sterke kjensler som kjærleik og hat får romanpersonane til å bryte sine eigne etiske normer og grenser. Det fører til at dei opplever samvitsnag og angst – og har eit behov for å sone. Ønsket om å gjere bot er eit sentralt tema hos dei nyrealistiske forfattarane.

☞ Den historiske romanen, ofte i fleire bind, er ramma når nyrealistane skildrar korleis menneska gjennom generasjonar blir forma av ulike konflikhtar i det sosiale miljøet. Dette breie romanformatet gjer at forfattarane også kan endre synsvinkel slik at vi ser dei ulike hendingane gjennom auga til fleire av personane i romanen.

☞ Både her i landet og i dei fleste andre land i Europa var det stor interesse for historisk, episk diktning. Olav Duun gav ut bokserien om *Juvikfolke*. Samstundes kom Sigrid Undset med trilogien om *Kristin Lavransdatter*, og Johan Falkberget lanserte sine historiske romanar med handling frå Røros.

Folkelivsskildring og talespråk

☞ Den nye forfattargenerasjonen kom frå ulike delar av landet og frå ulike samfunns- lag. Dei var bergmenn og bønder, fisk- arar og industriarbeidarar. Eit felles tema i bøkene er at dei handlar om konflikten mellom enkeltmennesket og fellesskapen.

☞ Olav Duun kom frå Namdalen i Nord- Trøndelag og var fiskar fram til han som 25-åring tok til med lærarutdanning. Han arbeidde først nokre år som lærar i Trøn- delag og flytte deretter til Holmestrand i Vestfold, der han underviste fram til 1927.

☞ Studietida gav inspirasjon til å skrive, og han brukte eit landsmål med sterke inn- slag av namdalsdialekt. Duun meinte han måtte bruke heimespråket, det språket som folket hans talte, dersom han skulle dikte med truverde.



i

☞ Duun blir rekna som ein stor språk- kunstnar og høyrer til mellom dei fremste forfattarane i norsk litteratur på 1900- talet. Han var svært produktiv og gav ut i alt 25 romanar, fire novellesamlingar og to barnebøker.

Juvikfolke

☞ Gjennombrotet for Duun som forfatter kom i 1918 med slektsromanen *Juvikingar*, der handlinga er knytt til heimstaden Jøa i Namdalen. Fram til 1923 skreiv han ei bok i året om *Juvikfolke*, til saman seks romanar.

☞ Det er øyane, havet og folket i dette kystlandskapet som utgjer ramma om bokserien. Vi følgjer Juvik-slekta gjennom seks generasjonar, frå 1600-talet og fram mot 1800-talet. Medlemmene i slekta kjempar ein kamp mot heidenskap og villskap. Dei har lett for å gripe til vald og kjem stadig i konflikt med kvarandre.

☞ *Juvikfolke* blir rekna som eit storverk i norsk litteratur. Det har episk kraft og mangfald, og Duun viser stor spennvidd og innsikt gjennom sine skildringar av folk, miljø og kulturhistoriske utviklings-

linjer. Det er sagt om romanserien at han kan tolkast som eit møte mellom gammel tid og moderne samfunnsforståing.



Venner og familie av Olav Duun fortel kor vidt romanen har rot i røyndommen og i heimstaden til Duun



Medmenneske

☛ Det neste høgdepunktet i forfatterskapen er *Medmenneske*, ein roman frå 1929. Boka er første bind i trilogien om Ragnhild, som også omfattar bøkene *Ragnhild* (1930) og *Siste leveåre* (1931).

☛ Hovudtemaet i *Medmenneske* er vondskapen i mennesket og kva som kan stillast opp mot det vonde. Motsetningane i romanen er den gode Ragnhild og svigerfaren Didrik, som representerer vondskapen sjølv. Det er ein lang og vond konflikt mellom Ragnhilds mann Håkon og svigerfaren, og denne konflikten endar med ein katastrofe, for Ragnhild drep svigerfaren.

☛ Drapet er ikkje planlagt og overlagt, heller ei spontan handling som kan tolkast som eit sjølvforsvar. Ragnhild er eit

godt menneske som i utgangspunktet aldri vil gjere andre noko vondt. Men under ligg òg angsten for at Håkon kan kome til å drepe faren. Ho vil ikkje at mannen hennar skal bli mordar, og gjer ei slags plikthandling da ho tek livet av svigerfaren med øks.

☞ Ragnhild må sone fengselsstraff, og ho seier sjølv: «*Det vonde drep du ikkje med øks.*» Ho veit at ho har handla gale og må ta si straff for det, men ho kjenner seg òg sviken av Håkon da ho må sone. Først mange år seinare blir dei to forlikte, og da er det Håkon som har problem med å reise seg når han innser at han har svike kona.



Otto Hageberg fortel om romanen Medmenneske og dei verkemidla forfattaren bruker for å få fram spenningane i Ragnhild, og for å synleggjere forholdet mellom henne og svigerfaren Didrik

Menneske og maktene

☞ *Menneske og maktene* (1938) er den

i siste boka i forfattarskapen til Duun. Boka er ein kollektivroman utan nokon fast hovudperson, og handlinga går føre seg i eit fiktivt øysamfunn som Duun kallar Øyvære. Menneska som lever på denne øya, må måle krefter med maktene, det vil seie kreftene som styrer livet deira. Vi møter ulike menneske som lèt seg styre av ulike makter. Somme gir tapt for maktene, andre fryktar maktene og lever i angst, og ein del grublar over maktene og mister livslysta.

☞ Første og siste kapittel i boka utgjjer ei rammeforteljing. Det finst ein gammal spådom om at øysamfunnet skal gå under ei uvêrsnatt med storflod og storm, og at mange skal drukne, men somme skal overleve. Siste kapittel skildrar nett denne

natta med uvêr og flaum. Midtpartiet i boka rommar fem forteljingar. Kvar forteljing gir oss forhistoria til ein av hovudpersonane som blir stilt overfor kriser og påkjenningar i uvêrsnatta som kjem.

☞ Vi blir kjende med menneska i øysamfunnet, mellom anna Helmer, som tek ansvar for folk rundt seg, og den mistruiske Ludvig, som hatar livet og er negativ til det meste. Når katastrofen kjem, får vi sjå kven som greier seg og overlever av alle dei som bur på øya: Det er dei som har tru på at det går an å leve i fellesskap, og som står solidariske med kvarandre. Dei som vantar denne solidariteten og har mistru til kvarandre, går under.

Det gode i mennesket

☞ Hovudgrunnen til at Olav Duun var høgt akta i samtida, er nok at han sette søkjelyset på eit grunnleggjande mellom-menneskeleg tema: Kva er det som gjer oss til gode menneske? Det menneskesynet Duun forfektar, går att som ein raud tråd i heile forfattarskapen.

☞ Kampen mellom gode og vonde makter er på mange måtar hovudemnet i Duuns forfattarskap: På kva side står vi i kampen mellom det gode og det vonde? Utnyttar vi dei vonde maktene til å skaffe oss makt over andre? Eller kjempar vi imot det vonde og med det gode for å stå jamsides dei som treng hjelp?

☞ Den første verdskrigen hadde gjort slike spørsmål svært aktuelle. Samstundes kom menneskeleg vondskap på nytt i fokus utover i 1930-åra, da nazismen og

fascismen var på frammarsj og krigen truga enda ein gong i Europa.

☞ Det blir sagt om Duun at han ikkje fortolkar det vonde som ei autonom motmakt til det gode. I Duuns bøker har ikkje vondskapen og hatet ein kjerne som er vond. Vi kan seie at hatet i sin natur er ein skade, *eit menneske på vranga*.

☞ *Ei skuldkjensle, ei oppleving eller ei ugjerning i ungdommen kan forskanse seg i eit slags sjølvhat, og dette kan spegle seg av gjennom heile livet og heile veremåten, skal Duun ha uttalt.*

☞ Det vonde er altså inga universell makt, men snarare noko historisk og konkret. Derfor kan vondskapen også overvinnast. I uvêrsnatta ute på Øyvære er det livskraftene som sigrar, og dei tvingar menneska saman i ein nødvendig lagnadsfelleskap.

